



Arkivnr: 2015/11453-80  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		05.05.2017

## Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland

### Samandrag

Styret for Fagskolane i Hordaland har i samband med melding «RS 1/2017 Stortingsmelding 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning» bedt om ei sak som viser om det kan vere mogleg å slå saman Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga har på bakgrunn av dette skissert tre alternativ:

Alternativ 0 – Inga endring, dagens organisering med to fagskular vert vidareført.

Alternativ 1 – Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

Alternativ 2 – Samanslåing vert gjennomført i samband med lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg i 2023, elles likt som i alternativ 1.

### Forslag til vedtak

Styret for Fagskolane i Hordaland ber administrasjonen om å førebu ei sak til fylkestinget basert på alternativ 1:

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
**Fylkesrådmannen, 29.03.2017**

Styret for Fagskolane i Hordaland har i samband med melding «RS 1/2017 Stortingsmelding 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning» bedt om ei sak som viser om det kan vere mogleg å slå saman Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland. Bakgrunnen for dette er vedtak i fylkestinget 13.03.2013 i sak 5/13 om Fagskolane i Hordaland i samband med skulebruksplanen der følgjande vedtak vart gjort:

«Fylkestinget vedtek ei administrativ samanslåing av fagskolane i Hordaland, til ein administrasjon for helsefagskolen og ein felles administrasjon for dei tekniske og maritime fagskolane. Fagskoletilboda vil framleis vere desentraliserte.

Vert finansieringsordninga på helsefag endra, vil fylkestinget vurdere å leggje alle fagskolane under ein administrasjon.»

I stortingsmelding 9 om fagskoleutdanning vert det føreslått ei endring i finansieringa av fagskuletilboda innanfor helse- og sosialfag. I dag er finansieringa til helsefaga i ei eiga ordning under Helsedirektoratet, men slik meldinga føreslår, vil dei ulike tilskotsordningane verte slått saman, og fylkeskommunane får i oppgåve å fordele midlar i eige fylket.

I fylkestinget 07.03.2017 vart det handsama sak om utfordringar og moglegheiter for Fagskolane i Hordaland (PS 21/2017), og i samband med denne vart det mellom anna gjort eit vedtak om at fagskulestyret må klargjere mogleg flytting av helsefagskolen til Laksevåg i samband med flyttinga av Fagskolen i Hordaland. På bakgrunn av dette må ein også sjå på tidsaspektet ved ei eventuell samanslåing.

Vidare vert det gjort greie for dagens situasjon ved Hordaland helsefagskole, og deretter vert det skissert tre alternativ i høve til framtidig organisering av helsefagskolen.

### Situasjonen i dag

Hordaland helsefagskole er administrativt lokalisert i Fusa ved Fusa vidaregåande skule, medan undervisninga føregår på Nordnes. Hordaland helsefagskole har til saman 8 NOKUT-godkjende fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, og kan gje tilbod fleire stader i Hordaland. Som nemnt er det berre oppretta tilbod på Nordnes på noverande tidspunkt. Tilboda ved helsefagskolen er eitt år i omfang men vert gjeve på deltid over to år.

Utdanningstilbod	2016	2016	2017	2017
	Haust	Haust	Vår	Vår
	1. kl	2. kl	1. kl	2. kl
Psykisk helsearbeid	22	9	18	4
Rehabilitering	16		12	
Spesialreinhold og sterilforsyning (stad)		18		18
Spesialreinhold og sterilforsyning (nett)		6		6
<b>Sum</b>	<b>38</b>	<b>33</b>	<b>30</b>	<b>28</b>

Tabell 1. Tilbod og tal på studentar ved Hordaland helsefagskole, studiestad Nordnes, skuleåret 2016/17, fordelt på semester og klasstrinn.

Tabell 1 over syner at det hausten 2016 var totalt 71 studentar ved Hordaland helsefagskole, og våren 2017 var det 58 studentar. Vidare syner tabellen at det er totalt 13 studentar som har slutta mellom haust- og vårsemesteret. Det er innan Psykisk helsearbeid og Rehabilitering det har vore fråfall, medan tilbodet Spesialreinhold har helde seg stabilt.

Det er totalt 5 årsverk ved Hordaland helsefagskole, og av desse vert 20 % kjøpt eksternt. Dei tilsette er knytt til Fusa vidaregåande skule, men nokre av dei tilsette har heimekontor når det ikkje er felles møtedag eller undervisning på grunn av lang reiseveg. Bakgrunnen for dette er at nokon tilsette ved Hordaland helsefagskole tidlegare var tilsett ved Fitjar fagskule som i 2013 vart slått saman med Fusa fagskule (Hordaland helsefagskole).

#### Økonomi – årsresultat 2016 og prognose 2017

Hordaland helsefagskole har samdrift med Fusa vgs og skulen gjekk totalt sett med om lag 1,1 mill. i mindreforbruk i 2016 medan rekneskapet for helsefagskulen hadde eit meirforbruk på 1,2 mill. Årsaka til meirforbruk ved Hordaland helsefagskole er knytt til låge studenttal ved to tilbod i 2016. Det eine tilbodet vart fullført våren 2016, medan det andre tilbodet vert fullført våren 2017. Hausten 2016 gjorde fagskulestyret fleire grep for å oppnå betre balanse ved helsefagskulen. Det vart gjeve ei styrking på 2 mill. i skuleåret 2016/17, og det vart berre starta opp 2 nye tilbod hausten 2016 som hadde høge nok søkjartal. Styrkinga var som nemnt for skuleåret 2016/17 og vert såleis fordelt over to budsjettår. Det vil sei at Hordaland helsefagskole fekk om lag 800 000,- for haustverknaden i 2016, og at dei resterande 1,2 mill. vert gjeve i budsjettåret 2017. Hordaland helsefagskole forventar ei betring i økonomien i 2017 med bakgrunn i større klassar og styrking av budsjettet. Skulen og har gjort ein prognose basert på inntekter og utgifter og ser føre seg at det vil verte eit meirforbruk på om lag 300 000,- i 2017.

#### **Konsekvensar ved ein samanslåing**

Personale ved Hordaland helsefagskole har eit tilsetjingsforhold ved Fusa vidaregåande skule. Ved ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vil dei tilsette ved helsefagskulen få tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland. Dersom éin eller fleire tilsette blir verande igjen ved Fusa vgs etter samanslåinga, kan det verte ein overtalssituasjon ved Fusa vgs. Ved ei samanslåing vert dei tilsette ivaretatt av omstillingsreglane i Hordaland fylkeskommune og vil få god informasjon om rettar og prosessen knytt til omstillinga.

Ved ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vil helsefagskuletilboda dra nytte av stordriftsfordelane ved Fagskolen i Hordaland. Dette gjeld både i høve til administrasjon, vidare utvikling av tilboda og ein meir føreseieleg økonomisituasjon. Ein oppnår også eit tydeleg skilje mellom fagskule og vidaregåande skule i høve til budsjett og rekneskap, noko som mellom anna gjer det meir ryddig i høve til fordeling av eit eventuelt meir- eller mindreforbruk.

Hordaland helsefagskole har arbeidd mykje med marknadsføring og informasjonsarbeid for å auka rekrutteringa til skulen, og dette har gjeve noko resultat. Ein del av tilboda rekrutterer godt, medan andre tilbod får lite kvalifiserte søkjarar. Då distriktfagskulane i Austevoll og på Voss vart lokalisert til dei større einingane i Bergen fekk dei ein auke i søkjartala, og ein ser føre seg at dette er fordi tilboda vart meir synleg ved ein større skule. Det er usikkert om ein samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vil gje same effekt. Søkjarane og studentane skil seg ein del frå studentane ved dei maritime og tekniske faga fordi dei ofte i større grad er avhengig av god tilrettelegging frå arbeidsgjevar. Likevel vil det vere meir tilgjengelege ressursar til marknadsføring ved ein stor skule som har stordriftsfordelar, og dette kan gje auka rekruttering på sikt.

Sidan fylkeskommunane tok over forvaltingsansvaret for fagskulane i 2010, har krav til dokumentasjon, rapportering og kvalitet i utdanninga berre auka, og dette set større krav til administrasjon i høve til meir og meir spesialisert kompetansebehov. «NOU 2014: 14 Fagskole – et attraktivt utdanningsvalg» og Stortingsmelding 9 (2016/17) peikar begge på at det er naudsynt å etablera større einingar som kan tilby desentralisert utdanning med studiestader etter kompetansebehovet som er i regionen.

Hordaland helsefagskole fungerer fagleg godt og leverer kvalitet, studentar og arbeidsgjevarar gjev gode tilbakemeldingar i høve til tilbodet ved fagskulen, og ved ei eventuell samanslåing vil det vere viktig å vidareføra denne kvaliteten og det faglege miljøet. Ei samanslåing vil ikkje gje store faglege synergjar i høve til helsefaga fordi Fagskolen i Hordaland ikkje har helsetilbod på noverande tidspunkt. Dei pedagogisk tilsette ved helsefagskulen er i dag knytt til Helse- og oppvekstmiljøet ved Fusa vgs, og dette gjev dei

tilgang til eit større fagmiljø. Likevel kan ei samanslåing gje andre faglege gevinstar med tanke på nye tilbod innan til dømes velferdsteknologi, eller innan framtidige helsefagutdanningar som er to år i omfang med felles allmenne fag og leiarfag.

Ei samanslåing kan gje større økonomisk belastning på Fagskolen i Hordaland dersom ikkje rekrutterings og fullføringsgraden vert forbetra ved helsefagskuletilboda. Fagskolen i Hordaland har stordriftsfordelar og kan drifta nokre små klassar som ikkje er fullfinansierte, men det er ei grense for kor mange små klassar ein kan starta opp kvart år om ein skal oppnå eit balansert årsresultat. Samtidig kan det sjå ut som at det er færre små klassar ved Fagskolen i Hordaland no enn tidlegare fordi dei små tilboda rekrutterer betre enn før, og dette vil i så fall gje rom for å prioritera helsefagtilboda i fortsettinga sjølv om rekrutterings og fullføringsgraden ikkje vert betra på kort sikt.

### **Alternativ 0**

Ingen endring, dagens organisering med to fagskular vert vidareført.

### **Alternativ 1**

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

Frå januar til august 2018 vil Fagskolen i Hordaland kjøpe ressurs frå Fusa vidaregåande skule for å drifta helsefagskuletilboda fram til overføring av personale er gjennomført. Dette gjev Fusa vgs og Fagskolen i Hordaland eit halvt år til å planleggja ressursfordelinga for skuleåret 2017/18 i samband med klassesak / tilbodsstruktur, samtidig som dei tilsette vert ivaretatt i omstillingsprosessen.

Det er ønskjeleg å ivareta dei tilsette ved helsefaga, og Fagskolen i Hordaland vil leggje til rette for dei som har lang reiseveg slik at dei ikkje må reise til Nordnes kvar dag. Dei tilsette ved helsefagskolen kan få moglegheit til å ha heimekontor når det ikkje er undervisning; oppfølging i praksis eller felles samlingsdag. Det er også moglegheit for å leggje til rette med lån av møteplass og eventuelt videorom ved ein nær-skule der lærarane bur.

Fordelen med samanslåing i samband med årsskifte er at det vert enklare å reindyrka og skilja rekneskap og økonomi. Fagskolen i Hordaland har gode erfaringar med å slå saman ved årsskifte framfor ved nytt skuleår. Ei samanslåing ved årsskifte vil også sørgje for at det ikkje vert endringar for studentane som allereie er i utdanning på Nordnes, fordi dei vil behalda same lokale og personale.

Ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland må handsamast i fylkestinget, og dette kan tidlegast skje i oktober 2017. På bakgrunn av dette vil det vere svært kort tid frå eit eventuelt vedtak i fylkestinget om samanslåing til 1. januar 2018. Det vil derfor vere naudsynt å førebu delar av prosessane ved ei samanslåing før sjølve vedtaket ligg føre, slik at ein får ein god prosess dersom fylkestinget vedtek samanslåing. Politisk handsaming vil verte gjort etter følgjande plan:

- OPHE                    05. / 06. sept. 2017
- FUV                     20. / 21. sept. 2017
- Fylkestinget        3. / 4. okt. 2017

### **Alternativ 2**

Samanslåing vert gjennomført i samband med lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg i 2023, elles likt som alternativ 1.